

Saksbehandlar: Svein Hågård, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 15/1745-1

## **Personsamnfall mellom medlemene i fylkesrådet for eldre og fylkesrådet for funksjonshemma**

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:  
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Fylkestinget vedtek reviderte reglement for fylkesrådet for eldre og fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne i samsvar med vedlegg 1 og 2.

### Vedlegg:

- 1 Utkast til revidert reglement for eldrerådet
- 2 Utkast til revidert reglement for fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne
- 3 Fråsegn frå fylkesrådet for eldre
- 4 Fråsegn frå fylkesrådet for funksjonshemma
- 5 Fråsegn frå SAFO
- 6 Fråsegn frå Postpensjonistane i Sogn og Fjordane

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Samandrag**

I dag er det fem medlemmer kvar i fylkesrådet for eldre og fylkesrådet for funksjonshemma. Fylkesrådmannen gjer i denne saka framlegg om at fylkestinget endrar reglementa for råda, slik at dei same representantane vert medlemmer i begge dei to råda og at råda vert utvida til sju medlemmer.

Eg gjer også framlegg om at fylkestinget endrar namnet på fylkesrådet for funksjonshemma til fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

### **2. Bakgrunn for saka**

Fylkeskommunale eldreråd har vore lovpålagt sidan iverksetjinga av eldrerådslova i 1992. Eldrerådet skal vere eit rådgivande organ for fylkeskommunen i saker som gjeld levekåra for eldre, og skal styrke dei eldre sitt politiske engasjement og høve til å påverke dei politiske prosessane.

Sidan lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne vart sett i verk i 2007, har det også vore lovfesta at fylkeskommunane skal ha eit råd eller ei anna representasjonsordning for menneske med nedsett funksjonsevne. Sogn og Fjordane fylkeskommune har likevel hatt eit fylkesråd for funksjonshemma alt frå 1992. Ordninga skal sikre at menneske med funksjonsnedsetjingar vert sikra ein open, brei og tilgjengeleg medverknad i saker som er særleg viktige for menneske med nedsett funksjonsevne.

Begge dei nemnde lovene opnar for å opprette felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne.

I arbeidsdokument nr. 4/14 til finansutvalet skreiv fylkesrådmannen i pkt. 3.2, Forvaltning, m.a. følgjande:

«Fylkesrådet for eldre og Fylkesrådet for funksjonshemma er lovpålagte organ, men fylkestinget kan bestemme at det skal vere personsamanfall og samtidige møte i dei to råda. Råda har i dag 5 medlemmer kvar. Fylkesråda disponerer i dag til saman 0,24 mill. kr til drift av råda. Gjennomsnittleg kostnad pr. ordinært medlem er kalkulert til om lag 20 000 kr pr. år. Ved oppretting av «felles råd» på 5 medlemmer kan det samla driftsbudsjettet halverast til 0,12 mill. kr. «Felles råd» er lagt inn i dette budsjettframlegget.»

Finansutvalet gjorde slikt vedtak då ein i møte 24.09.14 handsama arbeidsdokument nr. 4/14:

«Det må utgreiast å ... ha personsamanfall mellom eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne.»

Fylkestinget bad i FT-sak 39/14, om politisk organisering 2015-19, fylkesrådmannen kome attende med ei sak der ein vurderer personsamanfall mellom eldrerådet og rådet for funksjonshemma. I saka skulle ein og vurdere kor medlemmer det burde vere i råda. Fylkestinget sitt vedtak var på dette punktet samrøystes.

Dagens samansetjing av råda følgjer dels av dei to lovene og dels av fylkeskommunen sine reglement for høvesvis eldrerådet og fylkesrådet for funksjonshemma. Dei to råda er samansett slik:

- **Fylkesrådet for eldre:** Ifølgje eldrerådslova § 6 skal fleirtalet av medlemene i fylkesrådet for eldre vere alderspensjonistar frå fylket. Minst tre av dei fem medlemene i vårt fylkesråd for eldre skal såleis vere alderspensjonistar. Det er ikkje fastsett i lova eller i reglementet for eldrerådet kvar eventuelle andre medlemmer skal hentast frå. I inneverande valperiode er fire av medlemene i rådet alderspensjonistar og éin er fylkestingsrepresentant. Det heiter i eldrerådslova § 6 at rådet sjølv skal peike ut leiar og nestleiar. Desse skal vere alderspensjonistar.
- **Fylkesrådet for funksjonshemma:** Fylkeskommunen fastset sjølv samansetjinga av fylkesrådet for funksjonshemma, jf. § 8, jf. 6, i lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne. I sak 36/07 har fylkestinget fastsett at fylkesrådet skal ha to fylkestingsrepresentantar og tre representantar frå fylkesomfattande organisasjonar for funksjonshemma. Leiaren og nestleiareren i rådet skal veljast av fylkesutvalet, jf. § 6 i lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Desse skal vere medlemmer i fylkestinget, jf. § 4.1 i reglementet for fylkesrådet for funksjonshemma.

I samsvar med det eg opplyste i saksutgreiinga i FT-sak 39/14 har eg lagt utkastet til saksutgreiing og førebels tilråding til vedtak fram for dei to fylkesråda til uttale. Også fylkespensjonistforeiningane og dei to paraplyorganisasjonane for dei funksjonshemma, FFO og SAFO, har fått høve til å uttale seg.

Dei innkomne fråsegnene frå fylkesråda og interesseorganisasjonane er vedlagd. Fylkesrådet for funksjonshemma frårår på det sterkaste at FT innfører personsamanfall mellom medlemene i råda. Også fylkesrådet for eldre ønskjer primært å halde fram med dagens ordning.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

#### 3.1 Felles råd

Som påpeika over, har kommunane og fylkeskommunane høve til å opprette felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne. Føresetnaden til lovgivar er at slike felles råd berre skal opprettast unntaksvis. Fleirtalet i Sosialkomiteen på Stortinget uttrykte det slik i samband med handsaminga av regjeringa sitt lovframlegg i 2005:

« ... Felles råd for funksjonshemma og eldre (er) ikkje ei ønskeleg løysing, og (skal) berre ... nyttast i reine unntakshøve»<sup>i</sup>.

I rundskriv A 28/2007 og A 32/2007 har dåverande Arbeids- og inkluderingsdepartement lagt til grunn at felles råd berre bør veljast i særskilde høve. Likevel har ca. 11 prosent av kommunane etablert felles råd<sup>ii</sup>. Ingen av fylkeskommunane har gjort det same.

Etter fylkesrådmannen si vurdering skal dei to fylkesråda i nokon grad ivareta samanfallande brukarinteresser. Dei har også ei rekkje felles saksområde, jf. pkt. 3.2 under. Eg trur difor at eit felles råd, som fylkeskommunen sjølv fullt ut kan fastsetje samansetjinga av, kan vere ei fornuftig løysing dersom interessegruppene sluttar seg til ordninga. På bakgrunn av dei sterke føringane i lovførearbeida finn eg likevel ikkje å kunne tilrå at fylkeskommunen opprettar eit slikt fellesråd.

### 3.2 To råd med personsamanfall

Fylkesrådmannen går såleis inn for at fylkeskommunen framleis skal ha to separate råd. Eg meiner imidlertid at det er behov for å ta grep for å gi råda større innverknad på dei politiske prosessane på dei saksområda som er særskilt viktige for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne.

Eg tilrår difor at fylkestinget endrar reglementa for råda slik at dei same personane vert medlemer i begge råda (personsamanfall). Denne ordninga vil kunne sikre råda større gjennomslagskraft som følgje av at det vert større spennvidde i drøftingane i råda og at fråsegnene såleis vert «tyngre» og meir innhaldsrike. Større gjennomslagskraft og reell innverknad kan også følgje av at råda i ei rekkje saker vil kunne gi éi felles fråsegn. Døme på saksområde der dette er aktuelt er budsjettet og økonomiplanen, serviceskyss, kulturtilbod, folkehelse og fysisk aktivitet og universell utforming.

Ordninga vil vidare ha ein innsparingseffekt. Det samla driftsbudsjettet for dei to råda i 2015 er 0,308 mill. kr. Ved personsamanfall vil dette kunne reduserast, jf. det ovannemnde sitatet frå arbeidsdokument 4/14 til finansutvalet. Storleiken på innsparinga er sjølvstøtt avhengig av kor mange medlemer det skal vere i dei to råda. I denne samanhengen påpeikar eg også at føresetnaden må vere at råda arrangerer møte på same dag, slik at det samla ikkje vert meir enn fire-fem møtedagar årleg på dei to råda, mot ni planlagde møtedagar i 2015.

### 3.3 Samansetjing av råda

For å sikre tilstrekkeleg brei representasjon i råda, bør dei utvidast til sju medlemer kvar. Som nemnd tidlegare, er det eit lovkrav at fleirtalet i eldrerådet skal vere alderspensjonistar. I eit råd med sju medlemer må altså minst fire vere alderspensjonistar. Ut frå dette gjer eg framlegg om at fire av medlemene i råda skal vere alderspensjonistar, to skal representere fylkesomfattande organisasjonar for funksjonshemma og éin skal vere fylkestingsrepresentant.

Alderspensjonistane kjem etter dette i fleirtal også i rådet for funksjonshemma. Fylkespensjonistforeiningane, som har rett til å kome med framlegg på medlemer i eldrerådet, bør difor vere medvitne på at dei alderspensjonistane som vert føreslegne, også må vere motiverte for og kvalifiserte til å ivareta interessene til menneske med nedsett funksjonsevne. Tilsvarande må sjølvstøtt gjelde for dei to medlemene som vert valde etter framlegg frå dei funksjonshemma sine organisasjonar; desse må vere innstilte på at dei også skal ivareta dei eldre sine interesser.

### 3.4 Leiar og nestleiar

Det er som påpeika eit krav etter eldrerådslova at eldrerådet sjølv peikar ut leiaren og nestleiareren og at desse skal vere alderspensjonistar.

I lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne er det fastsett at leiaren og nestleiareren i rådet skal oppnemnast av fylkeskommunen (hjá oss fylkesutvalet). Fylkesrådmannen føreslår at fylkestinget held fast på at leiaren skal vere medlem i fylkestinget, jf. reglementet § 4.1. Med den samansetjinga av råda eg føreslår, kan det same ikkje lenger gjelde for nestleiareren.

Dette inneber at det framleis vil vere to ulike leiarar i dei to råda<sup>iii</sup>. Denne ordninga er ikkje til hinder for at råda kan halde fellesmøte, som vert leia av ein av dei to leiarane.

<sup>i</sup> Innst. O. nr. 114 (2004 – 2005)

<sup>ii</sup> Kjelde: Norsk institutt for by- og regionforskning sitt notat 2014:101

<sup>iii</sup> Med mindre fylkestingsrepresentanten er alderspensjonist.

### 3.5 Namneendring

Fylkesrådmannen gjer også framlegg om at fylkesrådet for funksjonshemma endrar namn til fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Det førstnemnde namnet heng att frå etableringa av rådet i 1992 og er ikkje i samsvar med terminologien i lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne frå 2005. I lova vil «nedsett funksjonsevne» seie tap av eller skade på ein kroppsdel eller i ein av kroppsfunksjonane. Også allergiar eller dårleg høyrsel vil etter omstenda reknast som ei funksjonsnedsetjing. Dette er lidingar som i daglegtalet ikkje vert rekna som funksjonshemmingar.

### 3.6 Kjønnbalanse

Endeleg gjer eg framlegg om at det i reglementa vert streka under at råda skal ha kjønnsbalanse. Dersom fylkestinget sluttar seg til at råda skal ha sju medlemmer kvar, skal kvart kjønn vere representert med minst tre, jf. kommunelova § 36 nr. 2.

## **4. Konklusjon**

Fylkesrådmannen føreslår slike endringar i reglementa for dei to fylkesråda:

- Fylkesrådet for funksjonshemma endrar namn til fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne.
- Dei to råda skal ha dei same medlemene.
- Råda skal ha sju medlemmer. Fire av medlemene skal vere alderspensjonistar, to skal representere fylkesomfattande organisasjonar for funksjonshemma og éin skal vere fylkestingsrepresentant.
- Nestleiarer i fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne skal ikkje lenger vere fylkestingsrepresentant.
- Reglane om kjønnsbalanse vert inntekne.

Utkast til reviderte reglement følgjer som vedlegg 1 og 2. Framlegg til endringar står med raud skrift.